


## Informasjon til Vg1-elevar og -foreldre skuleåret 2020/2021

Vi vil med dette heftet gi kortfatta informasjon om Stranda vidaregåande skule, den skulekvardagen elevane møter hos oss og om det samarbeidet vi gjerne vil invitere deg til. For utfyllande informasjon om skulen, sjå heimesida vår: [www.stranda.vgs.no](http://www.stranda.vgs.no). Følg oss gjerne på [Facebook](https://www.facebook.com/stranda.vgs).

Om du har spørsmål eller kommentarar må du gjerne ta kontakt. Om du ønskjer å besøke oss utanom dei faste møta er du hjerteleg velkommen til det.

### Utdanningstilbodet vårt



### Organisering av skuledagen

#### Langpausar

Vi har to langpausar slik at elevane kan ha to måltid i løpet av skuledagen.

#### Fagdagar

Elevane på idrettsfag og studiespesialisering har fagdagar kvar fredag. Eitt fag heile dagen etter eigen fagdagsplan.

### Skulerute

Sjå skulen si heimeside [www.stranda.vgs.no](http://www.stranda.vgs.no).

Frå	Til	Aktivitet
08:30	09:15	1. time
09:15	10:00	2. time
10:00	10:30	1. langpause
10:30	11:15	3. time
11:15	12:00	4. time
12:00	12:45	5. time
12:45	13:15	2. langpause
13:15	14:00	6. time
14:00	14:45	7. time
14:45	15:30	8. time

## Personalet

(telefonnummer i parentes)

### Skuleleiing

Jon Hjortdal, rektor (71 28 19 01 / 907 79 445)  
Brynjar Muren, ass. rektor (71 28 19 02 / 971 01 630)  
Tove Lersveen, undervisningsleiar (71 28 19 03/ 932 87 787)

### Kontorstab (71 28 19 00)

Rigmor Silden Langelo  
Merete Skog

### Rådgivar:

Ragnhild Kaland (71 28 19 06 / 926 23 972)

### Helsesjukepleiar

Ellinor Fivelstad (464 11 189)  
(kontortid tysdagar og torsdagar)

## Kontaktlærarar og faglærarar

Klasse	Kontaktlærar	Programfaglærarar	Fellesfaglærarar	
<b>1HO</b>	Mari Ann Ekornåsvåg (477 59 844)	Mari Ann Ekornåsvåg  Hilde Fauske	Engelsk	Ole Bjørn Hjellegjerde
			Matematikk	Bjørn-Inge Drabløs
			Naturfag	Hilde Fauske
			Kroppsøving	Eivind Busengdal/ Torgeir Halsen

Klasse	Kontaktlærarar	Faglærarar	
<b>1ID</b>	Eivind Busengdal (1ID1) (908 61 805)  Ellen Beate Wollen (404 55 667)	Engelsk	Gry Payling
		Norsk	Monica Andreassen
		Naturfag	Hilde Fauske
		Aktivitetslære	Eivind Busengdal
		Treningslære	Eivind Busengdal
<b>1ST</b>	Eva Aasen (917 42 388)	Engelsk	Ole Bjørn Hjellegjerde
		Norsk	Vibeke Flå
		Naturfag	Hilde Fauske
		Geografi	Vegard Tandstad
		Samfunnsfag	Maria Melseth
		Kroppsøving	Eivind Busengdal/ Torgeir Halsen

## Felles for 1ID OG 1ST

Matematikk		Spansk/Tysk	
Matematikk 1P	Gunhild Kvam	Spansk I	Knut Sigurd Habostad (Vestborg vgs)
Matematikk 1T	Bjørn Egil Berge	Spansk II	Ellen Beate Wollen
		Tysk II	Eva Aasen

## Digitale informasjons- og kommunikasjonssystem

### Samarbeid med heimen

I tråd med forskrift til opplæringslova held skulen kontakt med foreldra til ikkje myndige elevar.

#### Informasjon til heimen:

- Vurderingar, frávær og merknader i SkoleArena (sjå ovanfor).
- Varsel om fare for at det ikkje kan settast karakter pga. frávær eller manglande vurderingsgrunnlag.
- Varsel om fare for nedsett karakter i orden eller oppførsel.
- Direkte kontakt i særskilte høve, t.d. ved urovekkjande frávær.

#### Informasjon frå heimen:

- Vi oppmodar dykk til å gi oss informasjon som kan vere til nytte for lærarane si tilrettelegginga av skularbeidet.

#### Møte som foreldre blir inviterte til:

- Elevsamtale med kontaktlærer i slutten av hausthalvåret. Invitasjon blir sendt ut.
- Informasjonsmøte om søking til Vg2 og val av programområde og programfag i slutten av januar.

### Makkerskap

Elevane blir organisert i makkerpar som sit i lag frå første skuledag. Eit makkerpar høyrer igjen til ei makkergruppe. Makkerpara og makkergruppene er arbeidsfelleskap. Målet med makkerskap er å skape eit trygg og føreseieleg klassemiljø.

### Elevundersøkinga

Nasjonal obligatorisk undersøking som gir elevane muligheit til å seie meininga si om læring og trivsel i skulen. Blir gjennomført for alle elevane ved skulen i siste del av hausthalvåret. Sjå informasjon på Utdanningsdirektoratet sine websider: <http://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/elevundersokelsen/>.

### Undervisningsevaluering

Undervisningsevalueringa er eit digitalt spørjeskjema der elevane gir si vurdering av ulike sider ved undervisninga, avgrensa til eitt fag og ein faglærer. Formålet med undervisningsevalueringa er å gi elevar og lærarar eit grunnlag for dialog om undervisninga, med fokus på kva som fungerer godt og kva som kan justerast/betrast. Blir gjennomført for alle elevane ved skulen i siste del av hausthalvåret.

## Elevane sine rettar og plikter (jf. opplæringslova med forskrift)

### Rettar:

- Elevane har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Elevane har rett til ei opplæring som er i samsvar med læreplanverket for Kunnskapsløftet og som er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte.
- Elevane har rett til underevgsvurdering (tilbakemelding og rettleiing som gjer at dei kan utvikle seg) og sluttvurdering (informasjon om kompetansen dei har fått i faget).


### Plikter:

- Elevane skal møte punktleg og førebudd til, og delta aktivt i opplæringa, dvs. ha med nødvendig læremiddel og utstyr og følgje opp skularbeidet.
- Elevane skal vise omsyn og respekt for andre. Vi har nulltoleranse for mobbing og trakassering/krenkande åtferd, og framferd som går ut over orden og arbeidsro på skulen er forbode.
- Brot på desse reglane kan føre til nedsett karakter i orden og/eller åtferd og bortvising frå undervisninga.

## Fråværsgranse for elevar i vidaregåande skular:

- Viss ein elev har meir enn 10 prosent udokumentert fråvær i eit fag, vil han/ho ikkje få halvårskarakter eller standpunktcharakter i faget.
- Viss eleven har mellom 10 og 15 prosent udokumentert fråvær og fråværsårsaka gjer det klart urimeleg at eleven ikkje skal kunne få karakter, kan rektor bestemme at han/ho likevel får karakter.
- Eleven må leggje fram relevant dokumentasjon for å få fråværet unnateke frå fråværsgransa.

## Verdigrunnlag



**Stranda**  
vidaregåande skule

*naturlegvis*

- rom for alle og blick for den enkelte

### Verdiar: Respekt, likeverd og fellesskap

- Vi har trygge rammer og godt miljø.
- Vi er inkluderande og utviklar støttande relasjonar og god samhandling.
- Vi bidreg til personleg og fagleg utvikling med store moglegheiter for kvar einiskild.
- Vi legg til rette for lærelyst, naturglede og nyskaping.

## Skulereglement

Dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i Møre og Romsdal har felles reglement i orden og åtferd for elevar, fastsett av fylkestinget. Sjå skulen si heimeside [www.stranda.vgs.no](http://www.stranda.vgs.no).

## Klassenormer – grunnlag for god samhandling i klassene

1. Vi respekterer og inkluderer kvarandre.
2. Vi gjer vårt beste for å lære mest mulig på skulen.
3. Vi møter budd til timane.
4. Vi kjem tidsnok til timane med utstyr og bøker som trengs.
5. Vi held orden i klasserommet.
6. Vi bidreg til gode arbeidsforhold i klasserommet.
7. Vi seier frå, både om det som er greitt og det som ikkje er greitt.

## Kontaktinformasjon

Adresse: Hevsdalsvegen 52, 6200 Stranda

E-post: [stranda.vgs@mrfylke.no](mailto:stranda.vgs@mrfylke.no)

Telefon: 71 28 19 00

Heimeside: [www.stranda.vgs.no](http://www.stranda.vgs.no)